



# Landbrukskontoret for Austrheim, Fedje og Radøy

Anders Johan Austrheim  
Hoplandssjøen 22  
5943 AUSTRHEIM

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 16/2189 - 17/3904

Saksbehandlar:  
Kjartan Nyhammer  
Kjartan.Nyhammer@radoy.kommune.no

Dato:  
23.03.2017

## Løyve til nydyrkning på gbnr 156/13 i Austrheim kommune

### Saksutgreiing:

### Dokument i saka :

Søknaden er vurdert etter Naturmangfaldlova som vart vedteken 19. juni 2009. Kommunen har no vurdert omsøkte tiltak og prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova og det er lagt til grunn ved vurderinga. I dette området på Austrheim på gbnr. 156/13 har gardbrukar Anders Austrheim sendt til Austrheim kommune «*Søknad om godkjenning av plan for nydyrkning*». Planen hans er å få på plass grasproduksjon i omsøkt område. Dette området han har tenkt å dyrka opp er markert med blått på kartet under (skulehusmyra).

Det er særleg vektlagd berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både lokalt på staden og sett i ein større samanheng. Området her heng saman med eit større samanhengande dyrka landbruksområde i Austrheim. Det omsøkte området vart nytta som torvtak på 1900-talet og vart også dyrka opp ein del på 1960-talet. Det er såleis ikkje urørt mark som her skal dyrkast opp. Avrenninga frå området vil vera til anna landbruksareal i nord og gå ned til Austrheimsvågen. Her vil avrenninga gå delvis i lukka kanalar og på dyrka mark. Det er ikkje fisk i dette kanalsystemet.

Det er viktig at det vert sett av ei vegetasjonssone på minst 2 meter mot bekk/open kanal (vassdrag) på omsøkt stad. Dette av omsyn til avrenning lenger nede mot sjøen og av omsyn til insektlivet som trives langs slike opne små vassdrag.

Omsøkt område er sjekka i forhold til Naturbasen til Direktoratet for naturforvaltning og i Artsdatabanken sitt artskart. Det er ikkje gjort registrering av arter på Norsk raudliste for arter 2015 innanfor planområdet. Området ligg mellom eit allereie dyrka landbruksområde og dei areala som er omfatta av omsøkt tiltak er i dag i bruk til beiteføremål av storfe og sau. Omsøkt tiltak fører

ikkje til store endringar i bruken av området, det vert endra frå vått beite til dyrka slåtteareal. Endringane vil ikkje ha nokon endra verknad på naturområdane eller verdifulle naturtypar i Austrheim. Det betyr at naturmangfaldet ikkje vert råka vesentleg når det gjeld naturtype.

I høve til Artskart 1.5 til Artsdatabanken og nettstaden naturbase.no til Direktoratet for naturforvaltning er det ikkje registrert observasjonar av trua eller prioriterte artar i det området som blir rørt av omsøkt tiltak. Dermed er det heller ikkje påvist mulige effektar av tiltaket på naturmangfald. Kravet i § 8 om at saken skal baserast på eksisterande og tilgjengelig kunnskap, er dermed oppfylt.

Austrheim kommune finn difor ikkje at omsøkte tiltak vil koma i konflikt med naturmangfaldslova. I vurderinga har me mellom anna nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Austrheim kommune meiner at i og med at naturmangfald i liten grad vert råka av tiltaket og det ikkje kan påvisast effektar av tiltak på verdifull natur vert det lagt til grunn at det ikkje er naudsynt å foreta vurderingar etter de andre miljøprinsippa i Naturmangfaldlova §§ 9-12.

-----

Det er fall mot nordvest under fylkesvegen og vidare mot vest med utløp i sjø i vågen vestom kyrkja. Såleis skal avrenning til kritisk viktige vassdrag ikkje vera noko problem i denne saka

Søkjar har investert i moderne driftsbygning for 150 – 200 storfe og er avhengig av eit omfattande slåtteareal for å ha tilstrekkeleg grovfôr til buskapen sin. Slåttemark er ein minimumsfaktor for husdyrhaldet i Austrheim. Leigejordandelen er særskilt høg med dei utfordringar det inneber. Det er difor ei ønska utvikling at engarealet i kommunen vert utvida.

#### **Konklusjon :**

Det vert gjeve løyve til til dyrkinga på gbnr 156/13 i Austrheim slik som omsøkt.

#### **Vedtak:**

**Austrheim kommune gjev, med heimel i nydyrkingsforskrifta, løyve til omsøkt nydyrkning av 35 dekar myrjord på gbnr 156/11, 13 i Austrheim kommune.**

**Klage:**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket.

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt underteikna på mobil 95 91 74 71 Landbruksjef

Med helsing

Kjartan Nyhammer  
Landbruksjef Kjartan Nyhammer

Kjartan Nyhammer  
Landbruksjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

Anders Johan Austrheim

Hoplandssjøen 22 5943

AUSTRHEIM